



Terje Hilland
Skarpnesvegen 120
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/622 - 19/12919

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

07.06.2019

Fellingsløyve for hjort 2019

Vedlagt følgjer fellingsløyve for dykkar vald i 2019 i Meland kommune.

Meland kommune har fastsett fellingskvoten til 152 dyr for 2019, dette vart gjort i sak 117/2019 då gjeldane bestandsplan vart godkjent endra med ein auke på 14 dyr pr. år til 152 dyr (sjå vedlegg.) Statistikken frå jakt dei siste 12 åra viser stabillisering og no ein auke i bestanden. Kommunen har difor lagt seg på eit litt høgare enn i 2018 ved tildeling av fellingsløyver for 2019 i samråd med valda. Jakta må gå føre seg i tidsrommet 01.09-23.12.2019. Kommunen vil minne om at ved jakta i år skal prioriterast å skyte unge dyr. Vidare er det viktig å prioritera avskyting av dyr i dei områda det er beiteskader. Administrasjonen minner om at det er mogleg innafor rammene av bestandsplanen å flytte dyr innafor bestandsplanområde. Det er samstundes viktig å understreke at bestandsplanens avskytingsprofil skal følgjast, og at ein når dei måla som er lagt til grunn i planen.

Ein vil minne om, at etter viltlova må jegerane som ikkje sjølv har ettersøkshund, ha skrifteleg Ettersøksavtale med godkjent ettersøkshund/ettersøksekvipasje før jakta tek til. Nordhordland jakt og fiskarlag si ettersøksgruppe vilttelefonen og Norhordland ettersøkslag gjev tilbod til jegerar(sjå vedlegg). Ein minner samstundes om jegerane si ettersøksplikt etter påskutt hjortevilt etter viltlova. Etter endring av viltlova i 2014 kan ein no nytta kunstig lys på ettersøk etter påskutt hjortevilt. Viser til tidligare informasjon om dette. Men ein vil minne om det skal varslast dersom ein skal nytta kunstig lys før ettersøket starter (sjå vedlegg). Varsling skal skje tiljaktrettighetshaver, kommune og politi, samtlege skal varslast. Dette gjeld også om ein nyttarandre, eksempelvis vilttelefonen eller Nordhordland ettersøkslag.

Under jakta skal jeger ha med gyldig jegeravgiftskort, våpenkort, godkjent skyteprøve, og jeger/jaktlag må ha med dokumentasjon for godkjent ettersøkshund for hjort. Den som mot eller utan vederlag stiller jaktrett til rådigheit for andre, pliktar å forvise seg om at jegeravgifta er betalt. Kommunen kan under jakta utføre kontroll av jegeravgiftskort, våpenkort, godkjent skytterprøve, våpen og ammunisjon og dokumentasjon for godkjent ettersøkshund. Kommunen kan krevje at valdansvarleg, jaktleiar eller jeger gir melding om tilgang på godkjent ettersøkshund. Kommunen kan også utføre kontroll av skutte dyr under jakta.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Alle jegerar skal fylle ut sett hjort skjema (vedlagt). Jegerane leverer skjema til sine valdansvarlege som fører resultatata over på eit skjema som sendast til kommunen innan 14 dagar etter att jakta er avslutta. I storvald skal jegerane sende skjema til jaktfeltleiaren som fører resultatata over på eit skjema, og sende dette vidare til valdansvarleg. Valdansvarleg fører så resultatata over på eit skjema og sender dette til kommunen innan **14 dagar** etter att jakta er avslutta. Ein vil samstundes minne om at alle rubrikkar må fyllast ut for at skjema skal kunne registrerast på hjorteviltregisteret (sjå vedlagt informasjonsskriv).

Frå og med jakta hausten 2018 skal alle vald rapportera slaktevekter på alle skutte dyr. Dette kan enten gjerast på sett og skutt, eller de kan rapportera på skjema til kommunen (sjå vedlegg).

Jaktleiar kan velje å registrere setthjort skjema for sitt jaktfelt på www.settogskutt.no. Desse registreringane skal kvalitetssikrast av valdansvarleg før han/ho godkjenner alle data og dei vert importert til hjorteviltregisteret. Dette skal også rapporterast til kommunen innan **14 dagar** etter att jakta er avslutta.

Valdansvarleg sender inn fellingsresultatet. Fellingsresultatet skal fyllast ut på nedre del av vedlagt skjema; fellingsløyve og fellingsrapport. Heile skjemaet skal sendast inn til kommunen innan **14 dagar** etter att jakta er avslutta.

Dersom noko er uklart eller de har spørsmål, ta kontakt med underteikna.

Skitt jakt!

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Godkjenning av søknad om endring av bestandsplanområde og bestandsplan 2018-2021 for Flatøy og Holsnøy bestandsplanområde

Fellingsløyver 2019

Giro til Nordhordland ettersøkslag

Informasjon om bruk av kunstig lys på ettersøk etter påskutt hjortevilt

Sett hjort skjema

Informasjonsskriv om utfylling av sett hjort

Slaktevektskjema hjort

Mottakere:

Helge Husebø	Kårbø 9	5917	ROSSLAND
Kjell Askeland	Vestbygdvegen 63	5919	FREKHAUG
Roar Sudmann	Hjelten 16	5918	FREKHAUG
Sigve Eldøy	Lyngnesvegen 6	5917	ROSSLAND
Steinar Sunnhordvik	Ådlandsvegen 333	5919	FREKHAUG
Terje Hilland	Skarpenesvegen	5919	FREKHAUG
	120		
Tor Husebø	Øvredalsvegen 64	5919	FREKHAUG
Ørjan Erstad	Melandsvegen 218	5919	FREKHAUG